

Forsvarets moderne og motstandsdyktige digitale grunnmur – kritiske suksessfaktorar

Utvida samandrag av FFI-rapport 24/00074

Eit viktig mål for Forsvaret er å få ein motstandsdyktig digital grunnmur. Kva bør Forsvaret gjere på eit strategisk nivå for å oppnå det? For å svare på spørsmålet har ein FFI-studie identifisert seks kritiske suksessfaktorar, og gitt ei rekke tilrådingar for kvar faktor. Studien framhevar fire tilrådingar Forsvaret bør starte med.

Foto: Sigrid Vormeland/Forsvaret




Menneskeleg kompetanse er ein sentral faktor i bygginga av ein god digital grunnmur i Forsvaret.

FIRE TILRÅDINGAR

Rapporten seier at Forsvaret bør prioritere desse fire tilrådingane:

1. Sikre eintydig definisjon av rollar, ansvar og mynde, sidan dette legg grunnlaget for å gjennomføre prosessar og prosedyrar og gir rammer som menneske og kultur må tilpasse seg til
2. Etablere og halde ved like eit forsvarleg tryggningsnivå, ved å skaffe seg god oversikt, prioritere innsatsområde og allokere ressursar til risiko- og tryggningsstyring
3. Utarbeide omforeinte målbilete innanfor dei ulike teknologiske bestanddelane av den digitale grunnmuren, og for heilskapen
4. Gjennomføre ein systematisk kompetanseanalyse, for å avdekke kva for kompetansebehov Forsvaret har for å kunne gjennomføre prosessane sine knytt til IKT, kva kompetansebehov Forsvaret kan dekke ved hjelp av eigne ressursar og eventuelt kva kompetansebehov som kan dekkast av partnarane i eksterne samarbeid



Ein god digital grunnmur kan hjelpe til å løyse Forsvarets utfordringar innanfor informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT).

Eit avgjerande innsatsområde

Ein føresetnad for at Forsvaret skal løyse oppgåvene sine i fred, krise og krig er tilgangen til rett og tilstrekkeleg informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT). Utreiingar og studiar syner at Forsvaret har utfordringar innanfor IKT-området. Forsvaret peikar på ein moderne og motstandsdyktig digital grunnmur som eit av innsatsområda sine. Så vidt vi veit har det ikkje vore utført samla studiar av Forsvarets digitale grunnmur tidlegare.


Rapporten tek for seg kva strategiske grep Forsvaret kan ta. Forskarane har sett på den digitale grunnmuren Forsvaret har i dag, og presenterer forslag til ein framtidig digital grunnmur som er moderne og motstandsdyktig.

KVA ER EIN DIGITAL GRUNNMUR?

Dei aller fleste organisasjonar har ein eller anna form for digital grunnmur. Det gjeld også Forsvaret.

Frå eit teknologisk perspektiv består ein digital grunnmur av maskin- og programvare som tilbyr eit sett med IKT-tenester. Både Nato og det britiske forsvarsdepartementet nyttar metaforen digital backbone (rygggrad) om lag slik som Forsvaret definerer digital grunnmur.

Dei seks elementa inni sirkelen er faktorar Forsvaret sjølv kan påverke, dei på utsida er rammefaktorar. Basert på M.C. Davis et al.: "Advancing socio-technical systems thinking: A call for bravery" (2014).



Teoretisk rammeverk

FFI-forskarane har tilpassa og brukt eit rammeverk basert på sosio-teknisk systemteori for å analysere problemet. Forskarane har snakka med IKT-eksperter i forsvarssektoren. Rapporten peikar på at ein må



Forsvaret har særlige utfordringer knyttet til IKT, både trygghetskrav og mange ulike teknologiske plattformer.

utvide perspektivet utover det reinte teknologiske. For å lykkest med ein digital grunnmur er det naudsynt å sjå på alle faktorar som inngår i ein heilskap, ikkje berre dei teknologiske. Rammeverket inkluderer seks faktorar: organisasjon og mål; menneske; eigedom, bygg og anlegg; teknologi; kultur; og prosessar og prosedyrar. Rammefaktorar blir vist utanfor den grå sirkelen.

Utgangspunktet

Dagens trygghetspolitiske situasjon er krevjande. Forsvaret skal vere med å trygge Noregs suverenitet, territoriale integritet, demokratiske styreform og andre nasjonale tryggleiksinteresser.

Forsvaret har eit etterslep innanfor digitalisering og IKT. Det fører til tryggleiks- og kapasitetsutfordringar. Forsvarskommisjonen, Riksrevisjonen og FFIs forsvarsanalysar har alle peikt på manglar og sårbare sider ved Forsvarets IKT-system.

Forsvarets særlige behov

Dei aller fleste organisasjonar har ein eller anna form for digital grunnmur. Det gjeld også Forsvaret.

Forsvarssektoren er stor og kompleks. Den har mange krav og utfordringar som ikkje er så vanlege i andre sektorar. Det inkluderer handtering av ulike graderingsnivå og mange ulike våpen- og sensorplattformer med til dels proprietær teknologi. Forsvaret har også

ei rekke kommunikasjonsteknologiar med svært varierende kapasitet. Trugsmål om fiendtleg aktivitet er også tydelege. Desse spesielle utfordringane gjer at det blir stilt ein del særlige krav både til teknologien og til dei andre faktorane som trengst for at den digitale grunnmuren skal fungere.

SEKS KRITISKE SUKSESSFaktorAR

Studien identifiserer seks kritiske suksessfaktorar for å oppnå målet om ein moderne og motstandsdyktig digital grunnmur i Forsvaret:

1. Sikre tilgang til naudsynt kompetanse
2. Etablere ein strukturert fleksibilitet i styringa
3. Betre evna og viljen til å gjennomføre endringar
4. Gjere ei datadriven verksemd mogleg
5. Utvikle ein tilpassingsdyktig digital grunnmur
6. Etablere og halde ved like eit forsvarleg trygghetsnivå



I arbeidet med å bygge ein digital grunnmur må Forsvaret avdekke kva kompetanse sektoren må ha internt, og kva eksterne kan utføre.

Forsvarets IKT-planar

Det finst fleire IKT-planar som gjeld Forsvaret. Forsvarsdepartementet har eit pågåande prosjekt som legg opp til endringar i forsvarssektoren i løpet av 2024, kalla «Forsvarssektoren 2024» (F24). IKT er eitt av områda som blir omfatta her.

Visjonen i Forsvarets IKT-strategi er «auka operativ effekt gjennom robust IKT i kontinuerleg utvikling – IKT for morgondagens forsvar» (Forsvarsstaben, 2021).

Forsvaret har utarbeidd Digital reguleringsplan (DRP) som del av operasjonaliseringa av Forsvarets IKT-strategi. DRP inneheld åtte utvalde IKT-innsatsområde med tilhøyrande mål for 2024, 2026 og 2028. Eitt av desse innsatsområda er «moderne og motstandsdyktig digital grunnmur».

FFI-rapporten inneheld mange tilrådingar. Alle desse kan ikkje handterast på ein gong. Forsvaret må starte ein stad. Oppsummeringa er difor å starte med dei fire tilrådingane som er vist på første side i dette samandraget.



Du kan lese heile rapporten på FFIs heimeside

<https://www.ffi.no/publikasjoner/arkiv/forsvarets-moderne-og-motstandsdyktige-digitale-grunnmur-kritiske-suksessfaktorar>

Forfattere:

Ann-Kristin Elstad, Ketil Lund, Åshild Grønstad Solheim, Monica Endregard og Anders Mykkeltveit

Har du spørsmål? Ta kontakt med:

Ann-Kristin Elstad, sjefsforskar
ann-kristin.elstad@ffi.no

Kommunikasjonseininga ved FFI
info@ffi.no

**Meir informasjon om FFI og forskinga vår
finst på ffi.no**